



LINDÅS KOMMUNE
 Teknisk etat
 Byggesaksavdelinga
 5914 Isdalstø

Arkiv: 108/226
 Saksmappe: 99/00097-20
 Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Knut Arve Høyvik

Dalane 3 A
 5955 LINDÅS

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
219/02	<i>Delegert sak handsama av bygningssjefen</i>	26.09.02

Løyve til tiltak - støttemur, skråning og levegg Sonja og Knut Høyvik - Gnr.108 bnr.226 - Kolås II

Dokument :

Søknad motteken 04.05.01

Situasjonsplan 1:200

Foto påført linjer for planering, murar og levegg

Brev fra Frode Malm motteke 16.05.01

Brev fra Frode Malm motteke 17.07.02

Brev fra Frode Malm motteke 11.09.01

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld ferdiggjering av uteareal med murar og skråningar i samband med bygging av bustad og garasje, og oppføring av levegg i forlenging av garasjen. Arbeidet med murane vart sett i gang utan at det var søkt, og tiltakshavar vart pålagt å senda inn ein enkel søknad, med nabovarsel til Frode Malm. Bygningssjefen beklagar at søknaden har vorte liggjande i over eitt år, før han no vert realitetshandsama.

Frode Malm skriv i brev motteke 16.05.01 at han finn det tilsende materiellet mangelfullt for vurdering av søknaden. Han ber også om at kommunen må vurdere tryggleiken i samband med den omsøkte muren. Han tek også opp spørsmål om sikring av skjering mot leikeområde. Dette er det svara på i særskilt brev. I brev motteke 17.07.02 ber Malm om at det vert søkt om byggjeløyve på ordinært vis for støttemuren, og at arbeidet ikkje vert påbegynt før saka er ferdighandsama. Malm purrar på saka i faksbrev 10.09.02.

Vurdering :

At det må vera støttemur langs garasjen i grensa mot Malm sin eigedom, følgjer av vedtaket om plassering av garasjen. Det som ikkje går fram av søknad og vedtak i garasjesaka, er avslutning av mur/skråning sørvest for garasjen.

Bygningssjefen vurderer det innsende materiellet som tilfredsstillande i forhold til omsøkte arbeid. Foto av situasjonen, med linjer som viser korleis arbeidet skal avsluttast, gjev eit mykje klarare visuelt inntrykk av kva som skal utførat, enn reine strekteikningar. Bygningssjefen kan ikkje sjå at tiltaket fører til urimelege ulemper for Malm sin eigedom.

Bruken av natusteinmurar oppfyller krava i plan- og bygningslova § 74 nr.2 til estetikk, og er i samsvar med kommunen sine *retningslinjer for bygnings- og utemiljø*.

(forts.)

Vedtak:


Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93 vert godkjent i samsvar med innsendt materiell på følgjande vilkår :

Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett og kontrollerklæring som dokumenterer at murane oppfyller krav til stabilitet.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år. (jf. Pbl. § 96)

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningssjefen



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:

Frode Malm Dalane 3B, 5955 Lindås